



Humming Beez framfører klassikarar frå rock- og popgeneren. Gruppa framfører også eigenproduserte tekstar.

Festivalomgrepet er i endring frå å vera ei større kulturhending over fleire dagar til å vera ei musikalsk oppleving med fleire artistar gjennomført på ein dag og ofte i eit mindre format med eit avgrensa publikumstal. Det er slik Bøkkerfestivalen står fram etter ei vellukka helg på Rød. Tilbakemeldingane er gode og arrangørane Kjell Einar Thorkildsen og Hallvard Rød vil snart stå fram og sei om festivalen held fram til neste år.

Kjell Einar Thorkildsen understreka i si opplesing tema for denne festivalen: Dei nære relasjonane. Dikta hans handlar om å å syngja, om gamle folk, om menneska på Valen og om bestemor og hennar gjerning. Kjell Einar står for mange fram som ein lun og fin poet der innhaldet i dikta er noko alle kjenner seg att i.

Det same må seiast om kveldens fyrste musikalske artist, Aasmund Nesse frå Bømlø. Han skriv og framfører eigne låtar i eige band eller som soloartist. På Bøkkerfestivalen henta han fram visetekstar om trivielle problem frå barndom og oppvekst. Ein sterk tekst, Ikkje gå ifrå meg, skriven til ei gravferd i 2015, vert nok særleg hugsa frå kvelden på Rød.



[Hallvard Rød](#) takkar [Aasmund Nesse](#), visesongar frå Bømlo med fleire CD ar og vinylplater.

Den lokale pop- og rocegruppa Humming Beez gjekk inn i programmet og erstatta Renate Haugs. Det var meir enn forventet og på kort varsel stilte gruppa med alle sine musikarar, Håkon Røstbø, Frode Kaldestad, Finn Tore Helleesen og Bern H. Eliassen. Uskedalen.no fekk diverre ikkje høyra Humming Beez på Bøkkerfestivalen, men det er berre lovord å høyra etterpå.



[Jarle Zimmermann frå Bergen var mellom anna medlem i Husnesgruppa Background.](#)

Den siste aristen ut var Jarle Zimmermann, musikar frå Bergen. Han har vore medlem i store band som Flying Norwegians, Elektrisk Regn, ja til og med Background i si tid frå Husnes.

Då er det meste sagt. Ikkje det - opninga på kvelden var deklamasjon og song av diktet Jens Bøkkar, skrive av Uskedalen sin eigen poet, Olaf Agnar Gausvik.

Hallvard Rød, eigar av Bøkkerverkstaden på Rød, skal ha ros for initiativet. Det ligg mykje planlegging og arbeid bak. Bortsett frå nokre barneaktivitetar på dagtid, gjekk alt etter oppsett program med ei prikkfri avvikling i strandkanten på Rød.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Johanne Rød/ Kristian Bringedal



Bøkkerfestivalen, ein festival med eit publikumstal på 60 gjester.